

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2024/4635-1

**Saksbehandlar**

Rune Helland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2024/119	Kommunestyret	31.10.2024

## Politisk arbeidsgruppe plansaker

### Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe for plansaker. Grappa erstattar arbeidsgruppa som vart oppnemnt ved vedtak i kommunestyret 24.11.2022. Arbeidsgruppa skal ha rådgjevande funksjon, og har ikkje vedtaksmynde. Ordførar skal vere leiar for gruppa.
2. Til politisk arbeidsgruppe for planarbeid vert desse representantane oppnemnt:  
Representant 1 Ordførar Vegard Bjørnevik, H, leiar  
Representant 2.....X  
Representant 3.....X  
Representant 4.....X  
Representant 5..... X
3. Grappa skal vere politisk kontakt for administrasjonen i plansaker i tida mellom politiske tangeringar i sakane. Grappa, eller personar frå gruppa, skal òg delta i dialogar, forhandlingar og formelle meklingsmøte med overordna styresmaktar i plansaker, og skal då representera kommunen på politisk nivå
4. Ordføraren avgjer i kva tilfelle den politiske arbeidsgruppa, eller deler av denne, skal representera kommunen.
5. Grappa fungerer ut valperioden 2023– 2027. Det blir opp til det nye kommunestyret å avgjere om ordninga skal vidareførast.....

### Kommunestyret si behandling i møte den 31.10.2024:

Nytt framsett forslag:

- Ein oppretter ikkje ei ny gruppe for å ivareta funksjoner ein allereie delegert til PTM.

Nytt framsett forslag:

1. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe for plansaker. Grappa erstattar arbeidsgruppa som vart oppnemnt ved vedtak i kommunestyret 24.11.2022. Arbeidsgruppa skal ha rådgjevande funksjon, og har ikkje vedtaksmynde. Ordførar skal vere leiar for gruppa
2. Til politisk arbeidsgruppe for planarbeid vert desse representantane oppnemnt:  
Representant 1 Ordførar Vegard Bjørnevik, H, leiar  
Representant 2 Leiar PTM, Øyvind Hardeland, Ap  
Representant 3 Silvia Tofte, H  
Representant 4 Ove Lemicka, FrP  
Representant 5 Elise Marie Stava Vangdal, Sp  
Representant 6 Oddbjørn Kroka, H  
Representant 7 Silje Nordtveit Olsen, SV
3. Grappa skal vere politisk kontakt for administrasjonen i plansaker i tida mellom politiske tangeringar i sakane. Grappa, eller personar frå gruppa, skal òg delta i dialogar, forhandlingar og formelle meklingsmøte med overordna styresmaktar i plansaker, og skal då representera kommunen på politisk nivå
4. Ordføraren avgjer i kva tilfelle den politiske arbeidsgruppa, eller deler av denne, skal representera kommunen.
5. Grappa fungerer ut valperioden 2023– 2027. Det blir opp til det nye kommunestyret å avgjere om ordninga skal vidareførast.

#### **Røysting:**

Framsett forslag frå repr. H.Tofte fekk 11 røyster (Lemicka,Frp/ Helleland, Jakobsen, Rødland, Eide ,Inp/ Langeland, Nesheim, Krf/ Saghaug, Mdg/ H.Tofte, N.Olsen, Vettrhus, Sv) og forslaget fall.

Framsett forslag frå repr. Løfgren Johansen vart samrøystes vedteken.

#### **VEDTAK:**

**1. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe for plansaker. Grappa erstattar arbeidsgruppa som vart oppnemnt ved vedtak i kommunestyret 24.11.2022. Arbeidsgruppa skal ha rådgjevande funksjon, og har ikkje vedtaksmynde. Ordførar skal vere leiar for gruppa**

**2. Til politisk arbeidsgruppe for planarbeid vert desse representantane oppnemnt:**

**Representant 1 Ordførar Vegard Bjørnevik, H, leiar**

**Representant 2 Leiar PTM, Øyvind Hardeland, Ap**

**Representant 3 Silvia Tofte, H**

**Representant 4 Ove Lemicka, FrP**

**Representant 5 Elise Marie Stava Vangdal, Sp**

**Representant 6 Oddbjørn Kroka, H**

**Representant 7 Silje Nordtveit Olsen, SV**

**3. Grappa skal vere politisk kontakt for administrasjonen i plansaker i tida mellom politiske tangeringar i sakane. Grappa, eller personar frå gruppa, skal òg delta i dialogar, forhandlingar og formelle meklingsmøte med overordna styresmaktar i plansaker, og skal då representera kommunen på politisk nivå**

**4. Ordføraren avgjer i kva tilfelle den politiske arbeidsgruppa, eller deler av denne, skal representera kommunen.**

**5. Gruppa fungerer ut valperioden 2023– 2027. Det blir opp til det nye kommunestyret å avgjere om ordninga skal vidareførast.**

#### **Samandrag/Saka gjeld:**

Det er behov for å fornye samansettinga og oppgåvene til den tidlegare oppnemnte politiske arbeidsgruppa for kommuneplanarbeid. Gruppa bør også kunne representere den politiske leiinga i andre plansaker enn berre kommuneplanen.

#### **Saksutgreiing:**

Når kommunen utarbeider planar er politisk forankring og eigarskap viktig. I 2022 har det vore eit ekstra fokus på dette i samband med ny kommuneplan for Kvinnherad der samfunnsdelen vart vedteken i juni og arealdelen no nærmar seg høyring. Til kommuneplanarbeidet vart det i mai 2019 vedteke eit planprogram for ny kommuneplan som organiserte planarbeidet slik:

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Kommunestyret
<b>Prosjekteigar:</b>	Kommunedirektøren
<b>Styringsgruppe:</b>	Kvinnherad formannskap
<b>Prosjektleiing:</b>	Avdeling for samfunnsutvikling, Sektor for kultur, næring og utvikling (KNU)
<b>Prosjektgruppe/koordineringsgruppe</b>	Kommunedirektøren si leiargruppa
<b>Politisk arbeidsgruppe for kommuneplanarbeid</b>	Øyvind Utne(H), Arne Bjørnevik(H), Clara Hveem(SP), Stein Olav Ølvestveit(SP) og Hilde Enstad (AP) ( <i>kan verta endringar etter kommunevalet 2019</i> ).
<b>Referansepersonar/gruppe:</b>	Kommunedirektøren sitt leiarforum

Planprogrammet skildrar politisk styring av planarbeidet:

*«For å få politisk styring og forankring av planarbeidet, vert det lagt opp til hyppige tangeringar med politisk arbeidsgruppe for kommuneplanarbeid og formannskapet, m.a. gjennom handsaming av innspel og siling. Kommunedirektøren kjem regelmessig til å informere både formannskapet og kommunestyret om framdrift på planarbeidet(..).»*

Den politiske arbeidsgruppa som vart oppretta hadde eit par møte før kommunevalet 2019. Etter valet har politisk deltaking i planarbeidet i hovudsak skjedd gjennom plan-, teknikk- og miljøutvalet (PTM) og formannskapet; den siste tida gjennom felles arbeidsmøte. Den politiske arbeidsgruppa var ikkje i arbeid etter dette, før det blei oppnemnd nye medlemmar 24.11.2022.

Den nyoppnemnde arbeidsgruppa deltok i planforum og andre møte med overordna styresmakter før utlegging av KPA på høyring. Etter høyringa har delar av gruppa delteke i forhandlingar med statsforvaltar og fylkeskommune. No som arealdelen til kommuneplanen nærmar seg ny utlegging til høyring, vil det venteleg vere behov for politisk representasjon i dialogmøte og eventuelle formelle meklingar i motsegnssakar. Frå tidlegare planprosessar er det god erfaring med at ei mindre gruppe frå politisk leiing i kommunen deltek i dialog og drøftingar med aktørar som har innverknad på kommunen sine planar – både myndigheiter med motsegnsmakt og lokale aktørar. Det gir sterkare legitimitet til planarbeidet at drøftingar som har preg av forhandling vert ført av representantar frå den politiske leiinga i kommunen.

Det kan vere ønskeleg å ha ei slik gruppe i arbeid også med andre plansaker enn berre kommuneplanen. Kommunen sin eigenproduksjon av reguleringsplanar og kommunedelplanar aukar på, og allereie ein gang har ei særskild gruppe vore utpeikt til å løse ein reguleringsplan i hamn. Kommunedirektøren rår difor til at ordføraren frå sak til sak kan avgjere i kva planrelaterte situasjonar gruppa skal representere kommunen i møte med andre aktørar.

Gruppa må halde seg innafor dei rammer kommunelova gir når det gjeld roller og ansvarsfordeling mellom politisk og administrativ leiing, særleg når det gjeld kommunedirektøren si oppgåve å *«påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak»* (§ 13-1 tredje avsnitt).

#### **Økonomisk berekraft:**

Ei politisk arbeidsgruppe vart oppnemnt i samband med kommuneplanen sitt planprogram. Endringa det no vert lagt opp til vil ha marginal verknad på kommunen sine utgifter. Vonleg vil gruppa bidra til effektiv og målretta behandling av kommunale planar, og såleis gi eit positivt samfunnsøkonomisk bidrag.

#### **Miljø og klima berekraft:**

Den politiske arbeidsgruppa må følgje dei mandat som gjeld for dei planarbeida dei får oppgåver med. Dette vedtaket vil i seg sjølv såleis ikkje ha direkte verknad for klima og miljø.

#### **Sosial berekraft:**

Same vurdering som for klima og miljø.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Den politiske arbeidsgruppa skal gi effektiv og legitim representasjon frå den politiske leiinga i Kvinnherad kommune der dialog med andre myndigheiter og aktørar er naudsynt for å få eit godt resultat i plansaker. Dette støttar difor godt opp om berekraftsmålet om samarbeid.

#### **Konklusjon**

Kommunedirektøren rår til at politisk arbeidsgruppe for planarbeid vert fornya med representantar frå formannskapet og PTM-utvalet og at gruppa ved behov kan representere kommunen i møte med andre myndigheiter og aktørar i plansaker.